

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
  
5020 BERGEN

Sakshandsamar: Hanne Marie Utvær  
Telefon: 91102779  
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon  
Vår referanse: 11/6739  
Dykkar referanse: 2014/11042-29  
Vår dato: 01.10.2015  
Dykkar dato: 21.05.2015

Att: Eva Katrine Ritland Taule

## MERKNADAR TIL HØYRING AV REGIONAL KYSTSONEPLAN FOR SUNNHORDLAND OG YTRE HARDANGER - HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Vi syner til motteke sak som vist til ovanfor, samt våre innspel gjennom planprosessen, særlig brev frå oss datert 27.april 2015.

Fiskeridirektoratet region vest ser at dei fleste innspela vi kome med i nemnde brev ikkje er tekne til følge.

Vi kjem difor med følgande merknadar til høyringsforslag for Regional kystsonoplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger:

### S 8, kapittel 3.2 Marint grunnlag, om Villfisk:

Setningane; *Arealplanlegging må sikre kartlagde gyte- og oppvekstområde for villfisk. I kommuneplankart kan desse synast som arealføremål eller som omsynssone.* Her må de forsterke ordlyden i siste setning ved å skrive; *I kommuneplankartet **må** desse synast som enten arealføremål eller som omsynssone.*

### S 9, kapittel 3.3 Fiskeri, om Tråling:

Siste setning i avsnittet; *Kommunane bør inkludera viktige trålfelt i kommuneplanane, der dei kan synast som arealføremål fiske.* Her må de endre setninga til; *Kommunane **må** inkludera viktige trålfelt i kommuneplanane, der dei **må** synast som arealføremål fiske.*

### S 9, kapittel 3.3 Fiskeri, om Låsetjingsplassar:

Siste setning i avsnittet; *Kommunane bør inkludera viktige låsetjingsplassar i kommuneplanane, der dei kan synast som arealføremål fiske.* Her må de endre setninga til; *Kommunane **må** inkludera viktige låsetjingsplassar i kommuneplanane, der dei **må** synast som arealføremål fiske.*

S 15, kapittel 3.8 Retningslinjer berekraftig kystsonerforvaltning, underpunkt 3.4:  
Her meiner vi at følgande setningar må takast ut; *Større tekniske inngrep skal i hovudsak ikkje tillatast. Eksisterande næringsområde kan nyttast vidare.*

S17, kapittel 3.9 Konsekvensar for planframlegget om Fiskeri:

Setninga nedst på side 17 og øvst s 18; *Det bør ikkje leggst reint akvakulturføremål på område som er vurdert som viktige, intakte reketrålfelt.* Her må de endre setninga til; *Det skal ikkje leggst reint akvakulturføremål på område som er vurdert som viktige, intakte reketrålfelt.*

S 26, kapittel 4.6 Retningslinjer akvakultur:

Vi har endringsforslag for nesten alle punkta i retningslinjene for akvakultur, jf våre innspel i brev dagsett 27.april 2015. Heile teksten er difor teke med under.

Vi har lagt til teksten i kursiv og streka over teksten vi vil ta ut.

### **Kunnskapsgrunnlag og analyse:**

**4.1** Kommunane må gjere ei heilskapleg vurdering av behovet for akvakulturområde i lag med næringa og sektormynde (fylkeskommune, fylkesmann, kystverket, mattilsynet og fiskeri-direktoratet).

~~Eksisterande område skal vurderast i høve til aktivitet og trøng for endring.~~

### **Medverknad**

**4.2** Kommunane skal særleg prioritera medverknad frå aktive næringsaktørar, ~~og organisasjonar innan akvakultur og fylkes kommunen som sektororgan,~~ akvakulturnæringa sine interesseorganisasjonar og sektormynde (fylkeskommune, fylkesmann, kystverket, mattilsynet og fiskeridirektoratet).

### **Arealplanlegging**

**4.3** Areal til akvakultur skal sikrast i planar og avklarast opp mot andre arealinteresser.

**4.4** Akvakulturlokalitetar skal i hovudsak avsetjast som einbruksområde for akvakultur. Områda skal vera romslege nok til å sikre god fleksibilitet. Fortøyningar kan også synast som omsynssone eller vere i eit fleirbruksområde.

**4.5** Vurderingar knytt til oppdrettsart, *trøng for arealbruk på overflata, i vass-søyla og på botn,* ~~vertikalnivå~~ og, skal gjerast som del av planlegginga.

**4.6** For å sikre ferdsel mellom kystlinja og akvakulturanlegg, skal som hovudregel oppdrettsanlegget på sjøoverflata ligge minimum ~~100~~ 50 meter frå kystlinja.

Fortøyningar kan plasserast nærare land, men skal ikkje hindre ferdsel eller fiske.

Vår merknadar til denne endringa;

-I hovudsak ligg dei fleste anlegga 100 meter eller meir frå land. I nokon høve er avstanda likevel kortare m.o.t. landgong, topografi og andre tekniske tilhøve som gjer dette naudsynt. Vi peiker på at 100 meter grense kan verke mot si hensikt bla. med tanke på bruk av ny teknologi som lukka anlegg i sjø. Vi viser også til § 18. i Akvakulturdriftsforskriften som gjeld fiske og ferdsle i kring akvakulturanlegg;

«Det er forbudt å drive fiske nærmere anlegget enn 100 meter og å ferdes nærmere enn 20 meter. Avstanden måles fra en rett linje trukket mellom anleggets faktiske ytterpunkt i overflaten».

~~4.7 Lokalisering av nye akvakulturanlegg bør ikkje skje nær badeplassar, eller tett opp til bustad- eller fritidsbustadområde. Det skal takast omsyn til lokalt friluftsliv. Arealbruk på land må sjåast i samanheng med arealbruk i sjøområda. Akvakultur i nærleiken av bustad- og fritidsbustadsområde kan representere eit konfliktpotensial som må vurderast i arealplanlegginga.~~

~~4.8 Lokalisering av nye akvakulturanlegg bør ikkje skje tett opp til anadrome vassdrag.~~

~~Tilstrekkelig avstand til vassdrag for anadrom laksefisk må vurderast ved planlegging av akvakulturområde. Slik vurdering bør gjerast i samråd med sektormynde.~~

~~4.9 Innafor omsynssonene for regionalt viktige område skal det leggjast vekt på god estetikk og dempa utforming av akvakulturanlegg. Ved vidare utvikling av eksisterande anlegg skal det visast varsemd i høve til verdiane i området. Dersom ein lokalitet vert flytta eller lagt ned, bør akvakulturføremålet vurderast fjerna ved revisjon av kommuneplan.~~

~~Ved tilbaketrekking av løyve etter akvakulturlova, bør arealbruk i sjøområde vurderast på nytt. Som hovudregel skal akvakultur prioriterast dersom område er godt eigna og næringa ser potensial for framtidig bruk. I motsett fall bør akvakultur utgå som bruksføremål.~~

~~4.10 Føre-var prinsippet skal leggjast til grunn for eksisterande akvakulturlokalitetar innanfor område som er føreslege som marint verneområde. <ved vidare utvikling av eksisterande anlegg skal det visast varsemd i høve til verdiane i området.~~

Fiskeridirektoratet region vest føreset at våre innspel vert tekne inn i regional kystsoneplan for Sunnhordland.

Med helsing

Kari Morvik  
seksjonssjef

Hanne Marie Utvær  
rådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift*

**Mottakarliste:**

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN